

Samandrag kapittel 1 (nynorsk)

Geografifaget

Geografi tyder 'jordbeskriving' og kjem av dei greske orda *geo* (= jord) og *graphein* (= skrive). I det moderne faget geografi vil vi òg **forklare og forstå** det vi beskriv. Eit viktig spørsmål i geografi blir difor: **Kvifor er det slik akkurat her?**

I geografi studerer vi spesielle tema knytte til jordoverflata, slik som geologi, vêr og klima og naturkatastrofar, eller utbreiing av ressursar, næringsliv og befolkning. Vi kan òg studere eit land eller eit område – ein **region** – og trekkje inn alle relevante tema for å beskrive og forklare særprega til regionen.

Kart er ei avbiling (projeksjon) av den krumme jordoverflata i eitt plan. Ein kan ikkje lage kart utan feil. Det vil bli feil anten i flateforhold (areal) eller i vinklar (form). Dette kjem godt fram på somme verdskart, til dømes kart baserte på Mercators sylinderprojeksjon. Landareala får overdriven storleik når vi flytter oss frå ekvator mot polane. På eit slikt kart vil til dømes Grønland sjå mykje større ut enn det verkeleg er, samanlikna med Afrika.

Kart som viser eit enkelt tema, til dømes klima, geologi eller busetnadsmønster, kallar vi **temakart**. Kart som viser høgdekurver, slik at vi kan lese terrengformer ved hjelp av kartet, kallar vi **topografiske kart**. Dersom høgdekurvene ligg tett, er terrenget bratt. Dersom det er langt mellom høgdekurvene, er terrenget flatare. Høgdeskilnaden mellom to slike kurver kallar vi **ekvidistans**.

Målestokken på eit kart er ein avstand målt på kartet dividert med den same avstanden målt i terrenget. På eit topografisk kart i målestokk 1 : 50 000 vil 1 cm på kartet svare til 500 m i terrenget. Stor målestokk gjev eit detaljert kart over eit lite område, medan eit kart i liten målestokk dekkjer større område. Eit verdskart i eit atlas kan til dømes ha ein målestokk på 1 : 100 millionar.

Kart er det viktigaste hjelpemiddelet til geografar. Fenomen plotta på eit kart kan vise mønster som gjer sitt til å forklare årsaker og samanhengar. Eit historisk døme er dr. Snows kolerakart over London frå 1854.

Kart er eit viktig hjelpemiddel og kan brukast mellom anna til ulike former for arealplanlegging. I dag gjer ein mykje arealplanlegging og analyse ved hjelp av GIS (geografiske informasjonssystem). Då kan ein sjå ulike fenomen samtidig og i samheng, og analysere dette ved å laste inn fleire **kartlag** på eit GIS-kart.